



Nr. 4 - september 2023

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune

GUDSTENESTER

24. september

Sandnes kyrkje kl.11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
50 års-konfirmantar, dåp, nattverd, kyrkjekaffi
Takkoffer til Bjørgvin si venskapskyrkje på Cuba

1. oktober

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Trond Fykse
Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS Norge
Kyrkjekaffi

22.oktober

Solheim kyrkje kl. 11:00

Frøyset kyrkje kl. 13:15

Sandnes kyrkje kl. 16:00

Familiegudsteneste v/Torbjørn Sæle, Tina Meland
Corneliussen og Boris Kuprijanov
Utdeling av bøker til årets 4- og 10-åringar
Kyrkjekaffi
Takkoffer til barne og ungdomsarbeidet i
Masfjorden sokn

29.oktober

Fjon fjellkyrkje kl. 16:00

Gudsteneste i samband med konfirmantleir
v/Torbjørn Sæle og Ingrid Helene Raunehaug
Nattverd, kyrkjekaffi

5.november

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Solheim kyrkje kl. 13:30

Minnegudstenester v/Torbjørn Sæle og
Vikarorganist. Lystenning,
nattverd, kyrkjekaffi.
Takkoffer til Stine Sofies stiftelse

12.november

Sandnes kyrkje kl.11:00

Minnegudsteneste v/Torbjørn Sæle og
Boris Kuprijanov
Lystenning, nattverd, kyrkjekaffi
Takkoffer til Stine Sofies stiftelse

3.desember

Solheim kyrkje kl.11:00

Familiegudsteneste v/Torbjørn Sæle, Tina Meland
Corneliussen og Ingrid Helene Raunehaug
Deltakarane på «Lys våken» er med
Nattverd, kyrkjekaffi
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

Det kan kome endringar. Oppdatert informasjon
om gudstenestene i Masfjorden finn du i
kalenderen på nettsida vår: www.masfjorden.kyrkja.no.

DØYPTE

Frøyset kyrkje

27.08.23 Iver Sakarias Keyser Grimsland
Foreldre: Katharina Hellevang Keyser og
Kurt Henning Grimsland

*Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har
foreldre og fadrar fått del i eit heilagt ansvar: Å visa
omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og
hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage
nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.*

VIGDE

Solheim kyrkje

10.06.23 Stine Hjortland Vågset og
Mathijs Johannes Hendrikus Van Der Veldt

12.08.23 Miriam Standnes Haugen og
Joakim Eikemo Haugsvær

*Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i
gode og onde dagar set si lit til deg, held trufast saman
og hjelper kvarandre fram mot det evige livet.*

DØDSFALL

28.06.23 Julian Joeseph Mandricks Rugseth, f. 1992

20.07.23 Ruth Sleire, f. 1932

11.08.23 Ingelin Skjelanger, f. 1964

*Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på
meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur
på meg, skal i all æva ikkje døy.*



BARNAS

Fargelegg!



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på **sondagsskolen.no**
eller **22 08 71 00**



Teikning:
Monica Bauleo

Vitsar

Kvifor har
kua bjøller?
Horna funkar
ikkje.

Ein dame stod
ved fotgjengar-
feltet og venta.
– No har det vore
grøn mann fem
gongar. Når blir det
grøn dame?

Finn fem feil!


Her hjelper den miskunnsame samaritanen
mannen som blei overfalt. Dei to bileta er nesten
like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Monica Bauleo



Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare!
Kva skjuler seg her?



Søndagsskolen – mer enn du tror



NOKRE TANKAR OM Å BERE FRUKT

Etter at Jesus og læresveinane hadde ete påskemåltidet, gjekk dei til Getsemanehagen, og på vegen delte Jesus ein del tankar med læresveinane sine. Mellom anna sa han dette: «*Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera.*» (Johannes 15:5)

Eg trur Jesus valde orda sine med omhu. Det var neppe tilfeldig at han nytta vintreet som bilete her. Vi kan gå ut frå at læresveinane godt visste korleis eit vintre ser ut og difor forstod kva det var Jesus ville fram til.

Så korleis ser då eit vintre ut? Det er ikkje noko vi her nord ser til dagleg. Men biletet syner eit vintre, her nytta som prydpilte på eit hus i Tyskland.

Som ein vil sjå, er stammen til vintreet nokså liten og beskjedne. Men greinene kan vere lange og bere mykje frukt. Røtene ser vi ikkje. Dei kan strekkje seg langt og gå djupt ned i bakken. Vinkjennarar veit at smaken på vinen vert prega av jordsmonnet røtene hentar næring i.

På litt avstand er det mest berre greinene på vintreet vi ser. Men treet består av både røter, stamme og greiner. Det er dette som er heile vintreet. Og utan stammen og røtene ville greinene ikkje klart seg, og frukt ville dei ikkje ha kunna bere.

Så når Jesus samanliknar læresveinane – og oss – med greiner på vintreet, trur eg han fortel at vi er ein del av ein større samanheng, ein større fellesskap, og at kvar og ein av oss har ei oppgåve i å vere den synlege delen av Guds kyrkje på jorda.

I desse dagar har vi hatt val på nye medlemmer til Masfjorden sokneråd. Ein fin gjeng skal takkast av når vi går inn i eit nytt kyrkjeår, og nye folk skal overta. Men om du er ein av dei som ikkje har kome på kandidatlista til soknerådet, er det likevel plass og bruk for din frivillige innsats også.

Kva slags innsats, og kor stor innsats du kan bidra med, veit du best sjølv. Men det kan handle om alt frå kaffikoking ved gudstenester, hjelp til med transport, å vere vaksen til stades ved tilskipingar for born og unge, litt vedlikehaldsarbeid på dugnad, eller kan hende noko heilt anna.

Og alle monnar dreg. Det er ikkje slik at du ved å gi ei handsrekning ein gong har bunde deg opp til å stille opp fleire gongar. Men kan hende vil du kome til å gjere det likevel, rett og slett fordi du får lyst. For det er kjekt og meningsfullt å gjere ein liten innsats i og for kyrkja. Berre prøv!

Velkomen skal du vere!

Rune Garmann



UTDELING AV 4- OG 10-ÅRSBOK

Det har vore ein tradisjon å gje ut bøker til 4-åringane og 10-åringane rundt om i kyrkjene våre, og vi har gleda av å kunne gjera dette også dette året.

I år vert dei som fyller 4 og 10 år i år invitert til å få si eiga bok, i gudstenestene 22. oktober.

4-åringane skal få utdelt si eiga 4-årsbok, som heiter «kyrkjeboka mi». Her får me møte tre vener, og får vera saman med dei i kvardagen. Det er ei flott bok å sjå i, og lese saman med andre.

10-åringane skal få utdelt ein teikneseriebibel, som viser bilete og tekst frå ulike bibelhistorier. Denne er kjekk å lese i, og det er første gong det vert delt ut teikneseriebibel i kyrkjene her. Det vert sendt ut invitasjon til dei døypte 4-åringane og 10-åringane.

Tid og stad for gudstenestene:

22. oktober kl. 11:00 i Solheim kyrkje.

22. oktober kl. 13:15 i Frøyset kyrkje.

22. oktober kl. 16:00 i Sandnes kyrkje.



Tekst: Tina Meland Corneliussen
Foto: Torbjørn Sæle

MINNEGUDSTENESTER I NOVEMBER

Det vert minnegudstenester med lystenning i dei tre kyrkjene i Masfjorden, denne gong fordelt på søndagane 5. og 12. november.

Helgemesse – eller allehelgen – er ein dag for å minnast dei som er døde. Samstundes er det ein dag med håp. Håpet om ein ny himmel og ei ny jord, utan liding, sjukdom og død.

Vi samlast i fellesskap, vi ber om hjelp i sorga og saknet etter våre kjære. Namna på alle dei som har gått bort det siste året vil bli leste opp i alle kyrkjene, og det blir tent lys. Mange tennar også lys på gravene i denne tida.

Minnegudstenestene vert denne gongen i

Frøyset kyrkje 5. november kl. 11.00

Solheim kyrkje 5. november kl. 13.30

Sandnes kyrkje 12. november kl. 11.00



Alle er velkomne til minnegudstenestene, der familiar som har mista nokon det siste året vert spesielt inviterte.

Tekst: Torbjørn Sæle, sokneprest
Foto: Bo Mathisen, DnK

KONSERT MED SORG OG GLEDE

Velkommen til Sandnes kyrkje fredag 27. oktober kl. 19. Der vil visesongar Sølvi Helén Hopland syngja egne songar og dela tankar og erfaringar rundt livsglede, sorg og livskraft.

Sølvi Helén Hopland er låtskrivar, visesongar, podkastvert og mangeårig fyr-vertinne på Ulvesund fyr utanfor Måløy. Ho har tidlegare budd i gamle Meland kommune, er sertifisert sorgvegleiar og har gitt ut ei rekkje plater med songar som «Herre, gje meg dine auge» og «Barn, ikkje tenar». Nyleg har ho vore i studio i Masfjorden for å spela inn ein ny song. No kjem ho tilbake for å ha halda konsertforedrag med overskrifta «Frå glede til sorg, og tilbake».

– Eg har alltid ønska å syngja til trøyst og oppmuntring. Songen strøymmer ut frå hjartet mitt, og startar ofte som songar eg syng til meg sjølv. Eg har opplevd både usynlege og synlege sorger, som dei fleste andre, og har hatt periodar då eg ikkje har klart å syngja for andre. Men når livsglede og songen er på plass igjen, gjer mine egne erfarte sorger at songane mine kan nå djupare inn til andre, seier Sølvi Helén Hopland, og held fram:

– Med gleda fylgjer songen, og med songen fylgjer gleda - slik er det for meg. Eg ser på sorg som ei kraft til endring, ein sjanse å gripa for å finna endå djupare livsglede, og håpar å syngja og snakka om sorg på ein måte som bringer lys.


Konserten er lagt til siste fredag i oktober, helga før det i kyrkja er ekstra fokus på sorg i samband med helgemesse og minnegudstenester. Konserten er gratis, open for alle og i regi av Masfjorden sokn med støtte frå Masfjorden kommune. Det vert høve til å gje ei gåve til kulturelle tiltak i Kyrkja i Masfjorden.

Konserten startar kl. 19.00 i Sandnes kyrkje slik at det passar med ferje frå Duesund kl. 18.45 og med retur frå Masfjordnes kl. 20.40.

Tekst: Torbjørn Sæle

Konsertforedrag:

Frå glede til sorg og tilbake



Sølvi Helen Hopland syng egne songar og deler tankar og erfaringar rundt livsglede, sorg og livskraft.



Sølvi Helén Hopland

Sandnes kyrkje

Fredag 27. oktober kl. 19.00
Gratis inngang. Kollekt

Arr: Kyrkja i Masfjorden

ANDAKTAR PÅ SJUKEHEIMEN

Hausten 2023

kl. 12.00: Andakt - Arbeidsstova

ca. 12.40: Songstund - Nystova




Følgjande torsdagar:

31. august	19. oktober
14. september	9. november
m/nattverd	m/ nattverd
28. september	30. november


Tysdag 12. desember: **Julekonsert kl. 17**

Laurdag 24. desember: **Julegudsteneste kl. 12**

VELKOMEN!



Sokneprest Torbjørn Sæle
mobil 95 14 16 85



SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

SOS
kirkens-sos.no

Kirkens SOS er kyrkjelydane si døgnope kriseteneste, og kan kontaktast på telefon, melding, chat og via nettside.

No treng Kirkens SOS Bjørgvin fleire frivillige som vil gje litt av tida si til dei som ønsker nokon å snakke med. Om du vil vere med og gjere ein forskjell for menneske som har det vanskeleg, så er det no mogleg å ta opplæringskurs digitalt. På sikt kan ein då ta vaktene på kvalitetssikra heimekontor, slik at også dei som bur eit stykke frå Bergen kan bli medarbeidarar!

Ta kontakt med Kirkens SOS Bjørgvin for meir informasjon

www.kirkens-sos.no/bjorgvin

OM KRISTENDOM OG KUNST

Velkomen til ein kveld med foredrag om kristendom og kunst. Foredraget vert halde av Rune Garmann i Frøyset kyrkje torsdag 19. oktober kl. 19:00.

Fokus i foredraget er ei forteljing om korleis kunst og kultur har bidrege til at kristen tru og tanke er blitt spreidd. Foredraget vert ei reise gjennom tid og rom, der ein vil sjå korleis det talte og det skrivne ordet, biletkunst, arkitektur og musikk, åleine eller i kombinasjon, er teke i bruk for å gjere folk kjende med innhaldet i kristentrua.

Den kristne kulturarven er stor og rik, og i eit foredrag på ein kveld rekk ein berre å dele nokre små glimt av det enorme tilfanget av kristen kunst og kultur som finnest. Men ved å dvele ved nokre eksempel frå ulike kunstartar, frå ulike epokar og frå ulike geografiske område, vert det kan hende lettare å sjå at kristendom og kunst har vandra hand i hand i lange tider, og etter kvart spreidd seg og slege rot over heile kloden vår.

Foredraget vil ta rundt 90 minutt. Etter foredraget er det tanken at dei som vil, kan vere att og ta ein prat over ein kaffikopp.

Foredragskvelden er ein del av Masfjorden sokneråd si satsing på kultur i kyrkjene våre. Det vert ikkje teke inngangspengar. Men det vil verte høve til å gi eit bidrag til kulturarbeid i kyrkja via VIPPS nr. 620513.

Tekst: Rune Garmann



venleg
vart eg ønska
velkomen
heim
vandrar på ny
saman
i kjent og ukjent
landskap
ser vegen
og målet
med nytt
og ope blikk
går litt ifrå
stansar opp
gjev kvarandre
tid og rom
den
som kjem
først
ventar

Tekst og foto: Dina Dyrhovden

MIN SALME

Salme til slutt

Salmeboka i kyrkjene våre startar med vår aller meste kjende og største salme. Som nr. 1 finn vi Petter Dass sin ufatteleg store og viktige salme, både i ord, tonesetjing og teologisk innhald: «Herre Gud ditt dyre namn og ære».

Vi kan vidare syngje eller lese oss gjennom ei perlerad av flotte, meiningsfulle og velsignande salmar.

Heilt til slutt står så eit fabelaktig punktum på nr. 899.

Eyvind Skeie og Sigvald Tveit sine ord og tonar som ikkje er eit punktum. Salmen er eit storslått kolon:

«Jeg tror på jordens forvandling»

Her går slutten av tida, slutten for verda, slutten for jorda, slutten for livet, over i ei himmelsk forventning om det som skjer ved den nye skapinga. Bak tida. Inn i det evige.

Salmen handlar om at jorda ein gong skal bli ny. Fullkomen. Nyskapt.

«-en fremtid hvor Guds himmel til jorden senkes ned.»

Når eg les salmen, eller når salmen vert sunge med kraft i ein kyrkjelyd, så grip det tak i meg, og eg kan ikkje la vere å tenkje: Her må Guds Heilage ande ha vore veldig travelt oppteken med å inspirere og velsigne salmeforfattaren og komponisten. Her er ord som tenner håp i meg gjennom fire salmevers. Håp for det evige. Håp om fornyinga av det som er skeivt og skakt i denne tida. Håp om evig liv der så mykje død er eit sørgjeleg faktum vi ikkje kjem utanom.

Salmen står til slutt i vår salmebok. På nr. 899.

Salmen passar betre enn alle andre salmar, som er så utbrukte, til å syngjast når det er slutt for eit menneskeliv, i ei gravferd.

Eg har sagt til mine, at når det er slutt for meg, så skal denne salmen syngjast. Til slutt!

*«Ja, jorden skal forvandles,
dens natt går alt mot gry!
Jeg tror at Jesus Kristus
skal gjøre verden ny!»*

Øystein Skauge, vikarierende sokneprest i Gulen
og for tida fungerande prost i Nordhordland

1 Jeg tror på jordens forvandling
en gang, en tid, et sted,
en fremtid hvor Guds himmel
til jorden senkes ned,
en evighet av glede
da alt det vakre her
blir løftet i Guds klarhet
og stråler bedre der.

2 Jeg flykter ikke fra verden.
Den jord som en gang falt,
er båret av de hender
som skal fornye alt.
Jeg vet at Jesus lever!
Jeg tror at Herren Krist,
når alle håp er ute,
skal stige frem til sist.

3 Jeg tror på jordens forvandling.
En tid, et sted, en gang
skal alle ting bli nye
og alt bli fylt med sang!
Ja, jorden skal fornyes,
og gode ting skal skje!
Bak døden venter Jesus.
Den som vil tro, skal se!

4 Jeg flykter ikke fra verden.
Blant jordens minste små,
der finner jeg den fremtid
som jeg vil vente på.
Ja, jorden skal forvandles,
dens natt går alt mot gry!
Jeg tror at Jesus Kristus
skal gjøre verden ny!



VALRESULTAT KYRKJEVALET

Me vil hermed takka alle som sa ja til å stå på vallister, til alle som har stemt og til dei som har hjelpt til med gjennomføringa av kyrkjevalet.

Nytt i år var at ein kunne førehandsstemma digitalt, og dette var det mange som gjorde. I tillegg har folk stemt på papir både på førehandstemmingane rundt om og på valdagen.



Desse er valde inn som faste medlemmar i Masfjorden sokneråd:

- 1 Rune Garmann, f. 1952, Areklettvegen
- 2 Siri Andvik, f. 1996, Andvikvegen
- 3 Liv Inger Øydis Trædal, f. 1958, Kringlevegen
- 4 Anbjørg Berg Dyrhovden, f. 2000, Matre
- 5 Atle Nordland, f. 1969, Austfjordvegen
- 6 Hanne-Marit Neverdal, f. 1970, Frøyset
- 7 Anne Kari Mjanger, f. 1961, Austfjordvegen
- 8 Stian Søvik, f. 1972, Hostelandslia
- 9 Svein Gunnar Sivertsen, f. 1961, Skolten Masfjordnes
- 10 Heidi Bjånes Bjørneklett, f. 1993, Matre

Desse er valde inn som varamedlemmar i Masfjorden sokneråd:

- 1 Elin Matre, f. 1965, Hostelandslia
- 2 Ståle Daae, f. 1965, Indre Haugsdal
- 3 Frank Oppedal, f. 1965, Matre
- 4 Aina Sleire, f. 1975, Duesundøyna
- 5 Svein Atle Næss, f. 1976, Molland.

Me vil gratulera medlemmane i det nye soknerådet, og ser fram til å jobba med desse personane dei neste 4 åra.

Det nye soknerådet tek til 1. november. Leiar og nestleiar blir valt for eit år av gongen. Dette vert gjort i møte 16. november.

Då det frå år 2020 berre er eitt sokneråd i kommunen, utgjør soknerådet også fellestrådet. Der er det i tillegg med ein kommunal representant.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevje
Foto: Den Norske Kyrkja

6-ÅRSBOK VED SKULESTART



Foto: Alimaa Tomor

Siste søndagen i august var det mykje moro som skjedde rundt i kyrkjene i Masfjorden. Då var det presentasjon av konfirmantane, og alle 6-åringane var invitert til å få si heilt eiga 6-årsbok. Det er eit heilt nytt trusopplæringstiltak, som skal vera med på å markere skulestart.

I gudstenesta snakka me om ein ny start, kva er ein ny start, og kva kan det vera. Det å byrja på skulen kan for mange vera ein ny start, spesielt for dei som byrjar i fyrste klasse. Det kan vera moro, spanande, og kan bringe fram ulike tankar og kjensler. Då kan det vera godt å samlast å snakke om det, eller syngja om det. Me song songen «førsteklasses», som handlar om det å skulle byrja på skulen, og om at me alle er «førsteklasses», altså unike.

Under gudstenesta så framførte Ingrid Helene og Tina eit skodespel, som var eit utdrag frå Bibelen. Det handla om at Jesus sa til fiskaren Peter «Kom og følg meg». Fiskaren hadde med seg fiskar i garnet, og ein stor fisk. Heldigvis fekk fiskaren hjelp ifrå nokre born, som kunne hjelpe med å bere den store fisken, og bli med då Peter fekk eit nytt oppdrag av Jesus: Å bli menneskefiskar.

Boka som 6-åringane fekk handlar om tre vener, som også skal byrja på skulen. Her får me vera med dei fyrste skuledagen, og sjå kva dei tenkjer. Samtidig så får me følgje dei når dei skal på gudsteneste for å høyre om




Foto: Eli Eidsnes

Jesus. Slik som mange av 6-åringane i Masfjorden gjorde den søndagen. Her fekk dei høyre at Jesus ynskjer alle menneske velkomne til seg, og han er glad i alle menneske, det kan vera godt å hugse på, spesielt i ein ny kvardag.

Tekst: Tina Meland Corneliussen

FULLT HUS PÅ OLSOKFEIRING



Mange tok turen til fjellkyrkja den fine laurdagskvelden då det vart invitert til olsokfeiring 29. juli.

I år var det Solund-prest Bjørn Magne Hansen som leia gudstenesta saman med pianist Ingrid Helene Raunehaug. Konfirmantarbeidaren vår gleda også forsamlinga med flott song gjennom kvelden.

Etter gudstenesta vart lokalet rigga om til matservering. Rømmegrauten fekk bein å gå på, og mange gevinstar vart delt ut etter åresalet.


Knut Fredrik Sørheim leia forsamlinga gjennom kvelden. Han hadde invitert kona Kari Skår Sørheim til å lesa sjølvskrive dikt frå si eiga bok «Karitankar».

Det vart også fyr i bålpanna for dei som ville nyta siste del av kvelden ute i grillhytta.

Olsokstemnet på Fjon har ein lang tradisjon i prostiet, og i år var det frivillige frå Mo sokn som saman med representantar for styret for fjellkyrkja som stod i bresjen.

Overskotet frå arrangementet kom på over 22 000 kr. Dette er verdifulle pengar til fjellkyrkja som planlegg å starta ei større oppussing av dusjane i kjellaren neste sommar.

Tekst og foto: Torbjørn Sæle



VELKOMMEN TIL NYE KONFIRMANTAR

Søndag 27.08 fekk vi ta i mot nye konfirmanter for året. Denne dagen var dei unge lovande inviterte til sine kyrkjer for å markere oppstarten av konfirmantåret.

Ein flott gjeng fekk vi møte, og i Frøyset, Solheim og Sandnes kyrkje samla vi oss for å ta imot. Kjekt at også foreldre, besteforeldre, vener, tanter og onklar dukka opp denne dagen.

I gudstenestene fekk dei også ta imot sin eigen Bibel, Konfirmantbibelen. Ekstra stas var det denne søndagen å samlast på tvers av generasjonar. Denne dagen fekk også skulestartarane utdelt si eiga bok.

Det er fint at dei små, dei unge og dei eldre kan få sjå kvarandre og kome saman.

I gudstenesta medverka både prest Torbjørn, trusopplærar Tina og konfirmanarbeidar Ingrid Helene. Særleg blei Jesus sitt utsegn «Følg meg!», løfta fram. Så er det dette vi kan undrast over som nye konfirmanter. Kven er Han, kva seier Han og korleis kan menneske 2000 år etter hans levetid framleis vere kalla av han til etterfølging.

Vi ser fram til å ta imot gode konfirmanter i Masfjorden sokn! Varmt velkommen!

Tekst: Ingrid Helene Raunehaug, konfirmanarbeidar.



Foto: Alimaa Tomor



Foto: Eli Eidsnes



Foto: Tina Korsøen Fjellby

Konfirmantar 2023 - 2024

Frøyset kyrkje:

Arve Antoni Oppedal
Eivind Haaheim Vågene
Henrik Hindenes
Iver Reknes Molland
Mariel Haugsdal Reknes
Patrick André Palmer Andersen
Sara Kvamsdal
Sebastian Sylta
Tiril Matre

Solheim kyrkje:

Lisa Fjelldal
Martha Vågseth
Mathias Kjetland
Nora Haugsvær
Sondre Trodal

Sandnes kyrkje:

Adrian Samuelsen Fjellby
Ben George Kvingedal
Eric Totland
Jone Langhelle
Amalie Lahti Fjellby
Mats Kårdal Vestervik

SØNDAGSTUR MED ANDAKT OG SONG VED DAGSTURHYTTA

Dei siste to åra har det vore friluftsgudsteneste ved Dagsturhytta i Grøttneset. I år vart det gjennomført med ein litt ny vri under overskrifta «Søndagstur med andakt».

10. september var det felles avgang frå turparkeringa for dei som ville, og eit tjuetals personar let seg ikkje stoppa av litt gråvêr på morgonkvisten. Fleire fekk for første gong prøvd den nye universelt utforma turvegen som også er brei nok til fleire kan snakka saman på vegen.

Framme med Dagsturhytta var nokre allereie på plass og klare for andakt. Med stubbar, plankar, duk og flotte hageblomar, vart det laga til eit alter, og klokkinginga bar bod om ei heilag stund. Medan tåka var i ferd med å letta og regnet tok ein pause, kunne dei frammøtte stemma i songen «Nå er det morgon, tåkene letter...».

I andakten vart det snakka om Sakkeus som klatra opp i treet for å sjå Jesus. Sakkeus vart sjølv sett av Jesus, fekk beskjed om å komma ned og at Jesus ville koma heim til han. For Jesus har kome ned til jorda, og han vil koma oss i møte der vi er, eit møte som kan bety ein forskjell.

Etterpå smakte det godt med bollar, lefser, saft og kaffi. Det vart ei fin stund i fellesskap med Gud og med kvarandre. Eit fellesskap også knotten ville vera ein del av!

Tekst og foto:
Torbjørn Sæle



SONGKVELD I SOLHEIM KYRKJE



Høyr under kyrkjekveldsen:

- *Jammen svinga det i Solheim kyrkje i kveld!*
- *Eg har ikkje sunge, for eg kunne ingen av sangane! Men, du kor fint det var!*
- *Det var så kjekt å synge med så god støtte frå forsangarane!*
- *Og så trompet i kyrkja! Så fint!*

Ja, det heile starta med at Siri Andvik (trompet) og Boris Kuprijanov (orgel) sette stemninga med Vitae Lux.



Sokneprest Torbjørn knytte det heile saman med ein usynleg, men trygg raud tråd.

Sanna (kornett) og Siri spelte ein vakker instrumentalversjon av Gje meg handa di – akkompagnert av Boris.

Stine Karin Sæle spelte og song sjølvkomponerte songar. Me song salmar frå salmeboka i fellesskap. I spanande rytmar. Salmar som kjem frå andre land og norske salmar, om håp, fred og takk!

Og så vart det sett fram kveldsmat! Godpraten gjekk i kyrkjebenkane. Og det var nok mat til alle 40.

Takkofferet gjekk til Maritastiftelsen. Du kan også gje di gåve på Vipps til 620513 Masfjorden sokn. Mrk gáva med Maritastiftelsen.

Takk til alle som deltok! Takk for alle bidrag.

Tekst: Dina Dyrhovden
Foto: Torbjørn Sæle

LÆRERIKE SKULEDAGAR PÅ SKULEMUSÉET



I september har det fleire dagar vore liv og røre på skulemuséet på Sleire. Gjennom seks skuledagar har alle mellomtrinnslevane i kommunen besøkt muséet og fått innsyn i korleis det var å gå på skule i etterkrigstida.

Temaet har vore "Ein skuledag på 50-talet". Elevane har fått informasjon om korleis skulen i Masfjorden var på den tida med 19 skulekrinsar, aktiv skuletime, leikar på skuleplassen, barnelitteratur frå 50-talet og omvising og skattejakt i skulestova og husværet på loftet. Og etter iveren og engasjementet hjå elevane å døma har dette vore kjekke og lærerike dagar. « Dette var kjempekjekt», «Eg har lært så mykje i dag», « Kan me koma igjen i morgon, og?» var nokre få av kommentarane ein kunne høyra på slutten av skuledagane.

Ansvarleg for opplegget har vore Kjellaug Bolset Strand, (tidlegare lærar, rektor og biblioteksjef), Lovisa Midtbø, (tidlegare lærar og rådmann, ho hadde oppvekst og skulegang i skulehuset på Andvik) og Signe Marit Krossøy frå Masfjorden folkebibliotek.

Masfjorden folkebibliotek har fått tildelt tiltaksmidlar frå Nasjonalbiblioteket til "Aktiv formidling 2023" for å gjennomføra dette prosjektet.

Tekst og foto: Frank Kvinge





FORTELJINGAR I SKULESTOVA



I juni var det nok ein gong invitert til « Forteljingar i skulestova» på Sleire, og den vakre skulestova vart fylt opp til siste sete. Duoen « Fotefar» serverte kjende og ukjende viser og evergreens, det var allsong, Lovisa Midtbø fortalde om ein skuledag då ho var ungjente, og ein fekk omvising i museumssamlinga. Og i solveggen vart det tid til ein god prat, kaffi og noko godt å bita i.

Tekst og foto: Frank Kvinge



FLOTT I FJELLET PÅ DEN 41. BJØRN WEST-MARSJEN



Bjørn West-marsjen er framleis aktuell. Fire har fått med seg alle 41 marsjane, men kanskje endå viktigare – fleire gjekk marsjen for første gong.

Det kanskje sterkaste inntrykket frå arrangementet er 102 ½ år gamle Bjørn West-veteran Ivar Kristoffersen som heidrar sine kameratar som gav livet sitt for fridomen her i Matrefjella. Takk til Ivar.



Bjørn West-veteran Ivar Kristoffersen og sjef for HV-09 sin innsatsstyrke - "Bjørn West"

I tillegg til det å minnast dei dramatiske hendingane i fjella her vinter og vår 1944/45 – er Bjørn West- marsjen først og fremst eit glimrande høve til å nyta dagen i vakker og spektakulær natur. Det var perfekt turvær med opphald og flott temperatur. Regn natt til søndag skremte kanskje nokon frå å ta seg ut, men dei som starta fekk ei flott oppleving – både på den korte og lange løypa.



Totalt var det 377 som gjekk marsjen, fordelt på 207 på den lange og 170 på den korte. I tillegg var det ein god del som kom på Fjellstova for å få med seg minneseremonien og gjerne nokre kjøttkaker på fjellstova.



I år var det Amalie Duesund, Astrid Hoffmann Tollås og Rune Alver som stod for dei musikalske innslaga. Vakkert for dei som var til stades, og tonane bar også over Stordalsvatnet og ønskte marsjedeltakarane velkomne ned frå fjellet. Sokneprest i Masfjorden, Torbjørn Sæle stod for den tradisjonelle gudstenesta.

I år var det avdelingsleiar ved Bjørn West-museet Arnold Matre som heldt minnetale og la ned krans ved minnestøtta. Han minna om at staden arrangement går føre seg, for 78 år sidan var åstad for alvorlege krigshandlingar og overgrep på sivile. Han viste vidare til at : «dei som gjekk inn i Bjørn West eller anna motstandsarbeid valde å kjempa. Dei kjempa MOT nokre verdiar og FOR andre verdiar.

«Fridom - Demokratiet og velferdssamfunnet er ingen sjølvfølge. Det må me kjempa for det kvar dag. Kvar generasjon har ansvar for å stå opp å kjempa for desse verdiane. Kvar enkelt av oss - du og eg - har eit ansvar for kva verdiar samfunnet vår er bygd på. Då kan me trekka ein raud tråd FRÅ dei 259 Bjørn West-soldatane som kjempe for fridom frå nazistane sin ideologi og fridom for landet sitt - TIL dagens oppveksande slekt - som gjennom sin val, verdiar og prioriteringar - skal forma det framtidige Noreg.»

Minnetalen vart avslutta med sitat frå Henning Wernøe. Bjørn West-soldaten som vart skoten av ein tysk patrulje like ved Stordalsvatnet – 28.april 1945:

«Eg kan ikkje hate den enkelte. Dei er menneske som du og eg. Det er ikkje for å drepa eg no dreg avstad, MEN for å vera med på å befri mitt fedreland for eit system mine barn aldri skal voksa opp under»

HV-09 sin innsatsstyrke Bjørn West - er kalla opp etter motstandsgruppa som vart etablert i Masfjordfjella i siste del av krigen. Dei er trufast til stades på Bjørn West-marsjen. Dei arrangerer også Fredrik Kayser`s minneløp som ein del av marsjen.

Den alvorlege situasjonen i Europa gjer deira deltaking ekstra aktuelt då delar av styrken er utanlands for å læra opp soldatar frå Ukraina.

Minneseremonien vart leia av Birger Wergeland – leiar for rådet for Bjørn West-marsjen. Takk til Birger for alt arbeid han legg ned for at marsjen framleis er aktuell – 41 år etter den første gong vart arrangert.

Til slutt vil Bjørn West-marsjen takka all som har gjort arrangementet mogeleg – både praktisk og økonomisk. Stordalen Fjellstove (drivarar og eigarar), sponsorar, HV-09, Turlaget, Raude Krossen, Masfjorden kommune mfl.

Velkomen attende til Bjørn West-marsjen og Stordalen 18. august 2024.

Tekst og foto: Arnold Matre, leiar Bjørn West-muséet

JAN EGGUM LEVERTE



I år er det femti år sidan Jan Eggum la ut på sin første turné. På denne turneen i 1973 var han innom Masfjorden, og spelte på ein elevkveld på Sandnes skule, så då var det stas å kunne invitera til konsert igjen 50 år seinare. Ikkje ein konsert, men to! Og to utselde konsertar vart det i nothuset.

Det var eit forventningsfullt publikum som kom vandrande ned mot nothuset denne fine sommarkvelden, og så var Eggum i gang. Frå første tone hadde han publikum med seg, og dei song med, lo og hadde det fint. Han spelte kjende låtar frå si lange og innhaldsrike karriere, men også heilt nye songar. - Eg veit at de helst vil høyra dei gamle slagerane mine, men sjølv likar eg best å framføra dei ferske visene som de enno ikkje kjenner, seier han. -For å få dette til å fungera har eg innført eit slags belønningssystem. Det går ut på at når eg spelar ei ny og ukjend vise, så kvitterer eg alltid med ein god gamal travar etterpå. Men berre dersom de lyttar andektig og interessert og jublar og klappar begeistra etterpå. Og gjer de det, kan det vera at eg tek endå ei ny vise før belønninga vert gitt, seier han med eit lurt smil.

Og publikum berre ler og morar seg. Eggum seier så mykje artig mellom songane, han fortel historiar og har ein lun humor der ordspela står i kø.

Konserten går mot slutten. Dette har vore ei fin oppleving, tenker eg. Jammen har han laga mange fine songar, og eg er så imponert over at han framleis heldt koken etter så mange år på vegen. Og så fint gitarspel!

«En natt forbi» blir ekstranummer, og publikum syng så fint og behageleg med. Det vert ei roleg og verdig avslutning på konserten.

Det er nesten som eg kunne tenkt meg å vore på konsert nr 2 også denne kvelden. Tusen takk til Jan Eggum for fantastiske konsertar. Det treng ikkje gå 50 år før du kjem tilbake til oss.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

HEIMETENESTA TRENG FØLGJEVENN

Me søkjer etter deg som har ekstra tid til å gje ei hjelpande hand til eldre i samband med timar på sjukehus, tannlege ol. Du vil følgja med i drosjen, hjelpa med å finne fram der dei skal, og følgja tilbake til heimen. Lønn for brukt tid.

Du vil få forespurnad om du kan bidra ved kvart enkelt tilfelle, og du svarer ja, dersom det passar.

Om dette er noko for deg, kan du ta kontakt med
Heimetensta Sør v/ Silje Totland tlf 48295935
Heimeteneste Nord v/ Siri Tangedal tlf 41617507
Heimetenesta Indrefjorden v/ Hildegunn Bjånes tlf 97176550

Tekst: Silje Totland, heimetenesta sørsida

LYS I HAUSTMØRKE

Turvegen over Stien er no heilt ferdig. Vegen startar i Nord-Kvingekrysset og endar på Bakken. På ein av dei første haustdagane kunne lyset i stolpane på den ca. 1 km lange turvegen tennast. Lyset er av den miljøvenlege sorten. På kvar lysarmatur er det sensorar som skruer opp lyset når ein nærmar seg og skruer seg ned når ein har passert. Så då er det berre å koma seg ut på tur i haustkveldane! Og skulle du ha lyst til å gå lenger er det berre å svinga inn på vegen til dagsturhytta, men her treng du medbrakt lyskjelde.

Gratulerer til Grendalaget som har bygd anlegget på dugnad! Og god tur til alle andre som no kan gå mørketida lyst i møte.

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Kjetil Fjellby



“TI PÅ HJUL” TIL DAGSTURHYTTA

Striregn, vind frå sør og skodde heilt ned i fjøresteinane stoppa ikkje ivrige turgåarar i å ta turen til dagsturhytta onsdag ettermiddag. Det var ufyseleg ver ute, men i hytta var det fyr i ovnen. Det var godt og varmt å koma innom døra, og det var plass til alle. Her vart det servert hotdog, kaffi og saft, og praten gjekk livleg.

Turen var i regi av Nordhordland turlag, og dette er ein av i alt ti tilrettelagde turar no i haust. Målet er først og fremst å inspirera hjulbrukarar til turopplevingar og å finna flotte turmål i Nordhordland for målgruppa. Men turane er for alle. Tiltaket har fått namnet « 10 på hjul».

-Det er heilt fantastisk kva turlaget gjer for at me skal få koma oss ut på tur, seier ein av deltakarane.

-Det er så bra!

- Og så er det kjekt å koma til ei flott hytte på ein slik vakker stad som dette, seier turleiar Reidun. -Det er fint å vera her, også på regnfulle dagar som i dag. Og vegen hit var så fin å gå!

Blant turdeltakarane var også representantar frå kommunen og leiar i Idrettsrådet. Ordførar Karstein Totland hadde teke turen og fortalde litt om hytta.

Så var det tid for heimveg. Og- det er faktisk heilt herleg å vera ute i regn og blåst når ein har gode, vasstette klede.

Neste fellestur blir i Brekkeløypa i Knarvik.

Tekst og foto : Frank Kvinge



“FRÅ HAV TIL FJELL” - FOR EIN KVELD!

Det var på høg tid! Endeleg kunne me høyra Arne Høyland sine viser på ei stor scene og «fram i lyset». Og heldige var me som fekk oppleva nettopp det på samfunnshuset på Risnes denne fredagskvelden.



Mange kjenner nok til visene om « Pølsna hennar Magnhild» og at « Du må alltid skålda grisen når da flør» framført på særeige Arne Høyland-vis saman med gitaren sin, oftast i små forsamlingar eller frå Youtube. Det ikkje så mange veit er at Arne har skrive viser heilt sidan han i ung alder begynte som lærar på Dyrkollbotn leirskule på 80-talet. Visene har ofte kome til på bakgrunn av samtalar og opplevingar, i starten med skuleelevar, seinare godt vaksne folk han

intervjua då han reiste rundt i Nordhordland for å gjera båt- og sjøbruksregistreringar. Nyoppretta Nordhordland musikkteater ville løfta fram denne nesten skjulte viseskatten og har det siste året arbeidd fram ei framsyning basert på visene til Arne. Og for eit flott produkt det har blitt!

Ensemblet består av fem sær s dyktige solistar& frontfigurar, eit strålande opplagt band og ei gruppe songarar frå songkoret Manger/Alvidt.



Vakre naturskildringar

Innleiingsvis vert vi presentert viser som « Hav, himmel og strand» og « Bolstadfjorden». Mange av visene skildrar landskap, folk og livet langs fjordarmar og øyar i distriktet vårt, om gamle tradisjonar og gjeremål som nesten er borte i dag. Når ein av masfjordingane i prosjektet, Rune Garmann, er solist i «Vilje og mot» er det som håra reiser seg på armen. Visa er ein hyllest til det enkle livet som ein framleis finn nokre stader, i dette tilfellet ein stad i Sula, men som krev vilje og mot for å kunne realiserast. Ei aldeles nydeleg vise og ei gripande framføring.

Framsyninga har fleire slike perler, det kan nemnast visa om « Osterfjorden», « Fjelltoppen Feie», « Heima e best» og « Stille fjord», og alle blir så vakkert framført.

Hjortemoro og rynkefri

Arne Høyland skriv mange viser med glimt i auga, og når den elleville « Hjorten og badekaret» vert framført av prosjektleiarar sjølv, Petter Lexander, vert stemninga i salen direkte høg. Høg humorfaktor og galskap er det og i visa om «Salte og søte jenter», i ein heftig versjon av solist Bjørn Tore Henriksen frå Osterøy, med god hjelp av dei to kvinnelege solistane Else Iren Westervik frå Ostereidet og Anveig Solberg frå Osterøy. Damene tek deretter kommandoen i « Rynkefri», ein refleksjon over det å bli eldre, og ei bøn om å ikkje bli det. I dette tilfellet vert det konkludert med at «eg får senda inn ein søknad om utsetjing».

Viktig budskap

Men Arne har og ei meir alvorleg og universell side i nokre av visene sine. « I verdas lykligaste land» er i utgangspunktet ein hyllest til

kongeparet, men aller mest ei naturvernvisе om å ta vare på moder jord. Det same er temaet i « Reisebrev frå Gud» som kan tolkast som eit rop om hjelp om å ta betre vare på jorda og naturen. I denne visa gjer solist Else Iren Westervik ein imponerande vokalprestasjon og leverer eitt av høgdepunkta i denne forestillinga.

Kvalitet

Ensemblet storkosar seg på scena. 20 viser får vi servert, 20 historier som vi på eitt eller anna vis kjenner oss i slekt med, alle akkompagnert av eit eminent orkester som gir solistar og kor all den støtte dei kan ønskja, og vel så det. Vår eigen Jon Martin Skauge spelar gitar i bandet og leverer som vanleg gitarspel i topp- klasse, og med tidvis halsbrekkande soloar. Han har og hatt ei sentral rolle i arbeidet med å arrangera visene. Det har vore eit stort og krevjande arbeid. Visene er melodisk og tekstmessig nemleg ikkje « beint fram» å gje seg i kast med. Men for eit resultat! Og som ikkje det er nok er 11 av visene produsert i studio og lagt ut på Spotify, i tillegg til at 30 Høyland-viser no er samla i ei visebok.

Lyd- og lysproduksjonen er førsteklasses og det skal dei to dyktige masfjord-ungdomane Steinar Torsvik Størkersen frå Ytre Haugsdal og Sebastian Brown frå Matre ha all æra for.

Pissemauren

Så er det slutt, og den ståande applausen vert langvarig. Ekstranummer vert det, men ikkje av dei på scena. Hovudpersonen sjølv sit på første benk, og med gitaren avsluttar han kvelden med ei av dei første visene han skreiv, ei vise om pissemauren.



Og denne enkle, vesle visa summerer i grunn opp alt det vi har fått servert denne kvelden; korleis me kan læra av naturen, leva av naturen, ta vare på naturen og lokale skikkar, tradisjonar og kunnskap som har gått i arv gjennom generasjonar. I visene snakkar han om «å vera «stille klok», om «Gamle Oster Universitet» og om handboren kunnskap, klare bilete på at ein ikkje alltid treng reisa ut for å henta kunnskap, men vera stolt over det me har og av vår kultur.

Stolte kan me vera, men denne kvelden kan først og fremst Nordhordland musikkteater vera stolte over det dei har levert. Dette var fabelaktig strålande på alle vis. Og kva skal ein seia om hovudpersonen sjølv? Det er berre å rydda plass attmed Medaasen framfor Knarvik senter. Mannen må på sokkel!

Tekst og foto. Frank Kvinge

GITARIST I SÆRKLASSE

Sommaren er på hell. Det er siste søndag i august. Eg sit i fargeriet. Ute høylar det ned.

Siste utstillingsdag for sesongen. På den vesle scena sit Bjørn Schille. Omkransa av dei vakre bunadane i sommarutstillinga. Han spelar gitar. Hybridgitar. To gitarar i ein; gitar og bassgitar. Det er ikkje mange andre som gjer han etter.

Så startar han å spela. Mjuke og behagelege tonar som etter kvart blir til vakre og kjende melodiar og songar. Striletonar, Solveigs song, Bånsull og verdens finaste brudemarsj, Over the rainbow og God bless the child. Den eine melodien smyg seg inn i den andre, og i øyregangane våre. Til slutt ei heilt spesiell framføring av Har du fyr. Eg trur Ola Bremnes hadde likt denne versjonen.

Publikum klappar lenge så det må bli ekstranummer, Little wing av sjølvaste gitarlegenden Jimi Hendrix.

Dette vart ei kunstoppleving av dei sjeldne. Herleg musikalitet og gitarspel på eit kjempehøgt nivå. Så gjennomført til punkt og prikke. Vakkert!

Ute striregnar det framleis. Tre damer gjer sin entré. Dei fortel om Hunden på skjeret. Ungane sit som lys og lyttar. Etterpå blir det fargelegging av hunden og andre figurar i eventyret. Og snipp, snapp snute, så var sommarutstillinga i fargeriet og Sommarscena ute for denne gong.

Velkommen igjen til neste sommar!

Tekst: Jo Ronald Mjanger



BORGARLEG VIGSLE

12.08.2023 Astrid Daae og Bjørnar Viktor Johansen
18.08.2023 Silje Totland og Roger Andre Rong

Astrid og Bjørnar
Foto: Sofie Jørgensen Kristiansen





ROSA SLØYFE-LØPET 2023



Vår lokale Rosa sløyfeaksjon blei arrangert 26.08.2023 på Haugsvær.

Årets tur gikk i «Eventyrskogen» og/eller vegen langs Haugsværvatnet.

Det var ei kjempeoppslutning rundt det no årlege arrangementet.

Det myldra av rosa turgåarar og positive medhjelparar denne seinsommardagen i august. Sidan det nærma seg kommunevalet var det også fullt kjør med politikere som var ivrige på å støtta den gode saka, samt prate med folket.

Varaordførar Torill Torsvik Størkersen drog det heile i gong og hadde ein personleg appell om kor viktig det er med opplysning og openheit kring brystkreft. Ho poengterte mellomanna at mamografiprogrammet burde vere eit tilbod til lågare aldersgrupper. Dette er gode tankar frå vår varaordførar.



Underholdning

Masfjordens nyutsprungne rose, Embla Moncrieff Dyrkolbotn-Brown, song og spelte gitar. Det var fleire som vart tydeleg berørt av ei magisk framføring.

I tillegg hadde me «rosa-tidspress» konkurranse. Ei tevling som slo an hjå store og små. Med nevane inne



i ein rosa, tett boks skulle ein skru saman fire boltar og mutter på best mogleg tid. Vinnaren i klassen born u/16 år vart Nikolai Dyrkolbotn-Brown, med tida 21.75 sekundar. Pål Adrian Ryen tok sigeren i vaksenklassen med tida 15.86 sekundar. For dette vart dei premiert med henholdsvis rosa forundringspakke og blomsterbukett sponsa av Solgul Blomst AS.

Tusen takk til deg

Saman har me samla inn 52 110 kroner, som me stolt kan overrekke til Rosa sløyfeaksjonen 2023.

Tusen takk til deg som deltok på Rosa sløyfearrangementet på Haugsvær.

Ei stor takk til Helselaga i kommunen, Motho, Norva 24 og Masfjorden kommune for rause bidrag.

Ein ekstra takk til Helselaga i Indrefjorden som gjorde det mogeleg å arrangere Rosa sløyfe på Haugsvær. **Neste år fargar me sørsida ROSA!!!**

Tekst Hege Molland Søvik og Sigrun Haugsdal Reknes



No har Masfjorden frivilligsentral vore i drift nokon månader.

Det har vore nokon kjekke månader der eg har blitt kjent med gode kollegaer i Masfjorden kommune, frivillige og lag og organisasjonar. Eg har fått reist rundt i kommunen der eg har besøkt og snakka med leiar/styre i ulike bygdehus, seniortreff, idrettsråd mm. Dette har vore veldig kjekt.

Dei første månadene har gått mykje til administrative oppgåver. Mykje skal på plass når ein ikkje har hatt ein kommunal frivilligsentral før. Det er blitt ein del søknadsskriving både til fylke og stat.

Midlar til transport

Masfjorden frivilligsentral har fått innvilga LTU-midlar (lokale transportmidlar til ungdom). Masfjorden frivilligsentral søkte på vegne av Ungdomsrådet. Det er ungdomsrådet som skal forvalte desse midlane og dele ut midlar til ungdomsarrangement som inkluderer alle unge i Masfjorden kommune. Så her håper eg ungdommen i Masfjorden hiv seg rundt. Vi skal ha møte med ungdomsrådet i løpet av hausten og informere om dette.

Midlar til kurs

Masfjorden har og fått innvilga stimuleringsmidlar frå UKM, så her håper vi å få til Workshops til hausten/vinteren. Med stimuleringsmidlane skal vi få kulturaktivitetar/workshops som Masfjorden kommune ikkje har tilbod om frå før av. Tilbod vil gjelde frå 10-19 år. Vi vil samarbeide med Gulen kommune og prøve å gi same tilbodet i begge kommunane. Gulen kommune har tidlegare hatt Workshops som dans, målekurs og graffiti. Har ein tips til kurs ein ønskjer å ha, så gi ein lyd til Masfjorden frivilligsentral.

Foreningsportalen

Vi har no fått på plass «foreningsportal» som skal ligge på heimesida til Masfjorden kommune. Det er ein portal som har oversikt over alle lag som er i kommunen. Der skal leiar i kvart lag få ein kode av meg som dei sjølv kan gå inn og skrive info om sitt lag og gjerne faste aktivitetar de har i laget. Dette kjem me med meir informasjon om etter kvart.

For dei leiarane som har lyst å prøve seg kan dei sende melding eller ringe Kristin K. Rasch

90104139, så kan eg gi koden og de kan skrive inn info om laget i «foreningsportalen».

Gå inn på: Foreningsportalen.no, bla ned til «våre kunder», finn Masfjorden kommune, «foreningar», finn ditt lag. Nede på høgre side står det rediger. Her må de ha kode frå meg, eller vi skal ta det opp på eit dialogmøte vi håper å få til i haust. Eller eg hjelper pr telefon. Ta gjerne kontakt.

Lokale

Masfjorden frivilligsentral har vore heldig og fått lokale i gamle legekontoret på Hosteland. Her håper vi sentralen, frivillige, lag og organisasjonar og kommunale tenester vil finne seg til rette. Vi håper på mange aktivitetar der etter kvart.

Målet er å ha ei offisiell opning av sentralen i løpet av hausten.

Eg har allereie fått ein del telefoner frå frivillige som har gode idear for aktivitet. Det er veldig kjekt at de tek kontakt.

Facebook-side

Masfjorden frivilligsentral har fått ei Facebook følgeside. Der vil vi legge ut aktivitetar som sentralen har, og vi vil veldig gjerne legge ut aktivitetar som skjer rundt om i kommunen, så send tips/info, så legg frivilligsentralen det ut på si Facebook-side.

Får å sjå kva som blir lagt ut der må ein søke opp «Masfjorden frivilligsentral» (følgeside) på Facebook og lik sida.

Har du gode idear?

Frivilligsentral ynskjer å vere eit bindeledd mellom frivillige, lag og organisasjonar og kommunale tenester.

Ta gjerne kontakt om du ynskjer å vere frivillig, har ein god idé eller at du kunne trengt hjelp til noko, så kan frivilligsentralen prøve å finne gode løysingar.

Dialogmøte

I løpet av hausten skal vi ha dialogmøte med frivillige, lag og organisasjonar i Masfjorden. Der skal vi mellom anna velje eit rådgivande organ til frivilligsentralen. Det rådgivande organet skal bestå av bredda av frivillige i alle aldrar og ein politiskar.

Vi er i gang!

Masfjorden kommune i lag med frivillige lag har gjort ein god jobb i forkant av frivilligsentralen si etablering. Det har vore gode dialogmøte i samarbeid med «Frivillighet Norge». «Frivillighet Norge» har kome med ein rapport ut i frå tilbakemeldingane frå dialog-møta. Masfjorden

kommune vil bruke rapporten og tilbakemeldingane frå Frivillighet Norge til å jobbe vidare med kommunal frivilligpolitisk plan – Frivilligstrategi.

Det er mykje kjekt som skjer i Masfjorden kommune og nabokommunane rundt oss. Gleder meg til vegen vidare der vi skal skape enda fleire

aktivitetar for alle aldersgrupper. Saman skal vi skape eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn.

Kristin Kvamme Rasch
Dagleg leiar Masfjorden frivilligsentral

OPPGRADERING AV BARNEHAGANE SINE LEIKEPLASSAR

Det har lenge vore eit ynskje om å få oppgradert klatrestativa i dei tre barnehagane våre, og no har vi endeleg fått ynskja våre oppfylt!

I løpet av veke 34 fekk alle barnehagane montert nye klatrestativ på sine uteområdet. Barna fulgte nøye med då dei vart monterte, og gleda var stor då dei endeleg kunne prøvast ut.

Tekst : Inger Marie Duesund/Maja Aven Dahle
Foto : Inger Marie Duesund



VER MED PÅ Å OPPGRADERE MASFJORDEN GARDS- OG ÆTTESOG E OM DIN FAMILIE OG SLEKT

Du har sikkert oppdaga at Masfjordsoga er komen i ny digital drakt. Dette inneber at den er lett å orientere seg i både på PC og mobil. Den er også enklare å redigere. Det er likevel få som har nytta dette unike høvet til å oppdatere informasjon om sin familie og/eller slekt fortløpande.

Slik gjer du det:

Opplys om kva gards- og bruksnummer endringa gjeld. Dette må vere med!

Kopier ut teksten som skal redigerast frå nettsida, lim den inn i eit tekstdokument, rediger inn den nye informasjonen der du meiner at den skal vere.

Marker gjerne endringa som du har gjort med raudt. Når det er gjort kan du sende tekstdokumentet som vedlegg til e-posten.

Da unngår me tabbar og/eller feil på detalj-opplysningar som skal redigerast inn i eksisterande informasjon.

Send e-posten til meg eller Alf Strand, e-postadressa finn du på startside til www.masfjordsoga.no

frodvh@online.no

almst@online.no

Telst: Frode Vee-Haugen



KULTURPRISEN TIL AASE OG KIRSTI

Aase S. Areklett og Kirsti Areklett er tildelt Masfjorden kommune sin kulturpris for 2023. Tildelinga vart gjort i samband med opninga av sommarutstillinga i Kvamsdals fargereri. Det var to rørte og svært overraska prismottakar som tok imot diplom, blomar og gåvesjekk.

Det er formannskapet som vedtek kven som har gjort seg fortent til prisen basert på innkomne framlegg. Ordførar Karstein Totland stod for overrekkinga. Han las opp grunngjevinga frå formannskapet:

I 1985 starta Friundervisninga opp vevkurs på Solheim, med Kirsti Areklett som lærar. I dei påfylgjande åra vart det fleire vevkurs, etter kvart i kjellaren på Sleire skule. Kursa gjekk over til å verte eit vevfelleskap med Aase Skjervheim Areklett og Kirsti Olaug Areklett som drivande krefter og tilretteleggjarar. Dette har dei no halde på med i over 30 år, utan avbrot.

Forutan å leggje til rette for at folk med vevinteresse kunne få prøve seg i dette handverket, så å seie utan forkunnskapar, har Aase og Kirsti bidrege med bistand til folk som ville prøve seg på veving også andre stader i kommunen. Mellom anna har dei reist heim til eldre som gjerne ville ta opp att kunsten, og hjulpe med mykje av det arbeidet som må gjerast før ein kan gå i gang med sjølve vevinga.

På denne måten har desse to bidrege til at veving framleis vert halde i hevd i grendene våre, og ved å dele det som av einkilde vert kalla « handlingsboren kunnskap» bidrege til å gje nye utøvarar hjelp og inspirasjon.

Med dette vert det gjort vedtak om at Masfjorden kommune sin kulturpris for 2023 vert tildelt Aase Skjervheim Areklett og Kirsti Olaug Areklett.

Masfjorden kommune gratulerer prisvinnarane!

SOMMARUTSTILLINGA I KVAMSDALS FARGERI



Lovisa Midtbø fortalte om Aslaug Takvam sitt arbeid med å rekonstruere den gamle Masfjordbunaden

Tørkeloftet på fargeriet husa i sommar ei tredelt utstilling.

Hovudutstillinga var ei bunadsutstilling knytt til den rekonstruerte Masfjordbunaden.

I tillegg kunne ein oppleve prisvinnarane si åkleutstilling og Berit Lygre sine vakre portrett-teikningar.

På opningsarrangementet vart tørkeloftet for lite for alle dei som var komne for å vera med på opninga, og ein del av publikum fekk tildelt «uteplass».





Johanne Mjøs og Vegard Hansen opna arrangementet med flott folkemusikk-framføring



Over: Kirsti Areklett viste særtrekk ved bunaden

Under: Mingling og mat



TV-AKSJONEN GÅR TIL REDD BARNA SITT ARBEID FOR BARN



Søndag 22.oktober går TV-aksjonen av stabelen.

Pengar som kjem inn i TV-aksjonen skal brukast til å beskytte born som er ramma av krig, og gje dei pusterom til å vere born, til å leike og lære i trygge miljø, med støtta dei treng frå dei rundt seg. Born som har flykta til Noreg skal få høve til å oppleve meistring og bli inkludert i sitt nye nærmiljø.

Bøssebærarane er hjarte i TV-aksjonen

I år skal bøssebærarane kunne banke på døra di. Dette møtet i døra er heilt unikt for TV-aksjonen, det er på denne måten vi klarer å nå ut til folk flest. På denne måten klarer bøssebærarane både å informere om TV-aksjonen, og skapa givarglede i akkurat dette møtet.

Vi håper og trur at mange har lyst til å bli bøssebærarar også i år. Det vil vera mogleg å gi kontantar eller nytte Vipps.

Meld deg som bøssebærar på www.blimed.no, ta med deg ein ven eller familien din på søndagstur, og la 22. oktober bli den viktigaste søndagsturen i år.

- Pengane frå TV-aksjonen NRK 2023 går mellom anna til:
- Å gje born høve til å gå på skule
- Å føre saman born med familien dei har kome bort frå
- Å gje hjelp til tidlegare barnesoldatar
- Leikerom der born kan utfalde seg og vere trygge
- Hjelp til born for å handtere vonde opplevingar
- Helsehjelp og riktig ernæring

Pengane skal fordelast mellom prosjekt i Ukraina, Syria, Bangladesh, Sør-Sudan, DR Kongo og Noreg. For meir informasjon om kva pengane skal gå til viser ein til følgjande nettside: <https://tvaksjonen.no/aktuelt/dette-gaar-pengene-til-2023/>

Tekst: Camilla Hjelmeland

INFORMASJON OM FASTLEGETENESTA

Rolf Martin Tande sluttar som fastlege ved kommande årsskifte.

Dei som har Rolf Martin Tande som fastlege vil få melding frå HelseNorge/Helfo om ny fastlege. Masfjorden kommune arbeider med utlysing og rekruttering av ny lege til kontoret.

Om du har fastlege ved eit anna legekantor er det viktig at du nyttar den. Fastlegen er den som har best informasjon om deg, og kan utøve best mogleg tilbod for deg.

For dei som ikkje har fastlege ved kontoret og oppheldt seg i kommunen, hjelper Masfjorden legekantor ved akutt behov for helsehjelp.

Dersom du er usikker på kva fastlegeliste du tilhøyrar kan du finne informasjonen ved å logge inn på HelseNorge.

Tekst: Masfjorden legekantor

SENIORKVELD

Nordbygda helselag i samarbeid med Masfjorden frivilligsentral inviterer til seniorkveld laurdag 14. oktober kl. 17:00

Me samlast i klubbhuset på Hosteland fotballbane.

- Servering av varmrett, kaffi og kake.
- Diktopplesing
- Åresal

Me svingar oss til tonar frå 50- og 60- talet.
Kr. 50 pr person

Dersom nokon har behov for transport blir dette ordna.
Pris kr. 50 pr. person tur/retur

Dette blir ein kjekk kveld med god musikk og sosialt samvær
Håper du har anledning og lyst til å vere med denne kvelden.

Påmelding seinast 10. oktober til :
Eva 97467629 eller
Lillian 90585108.

Håper å sjå deg der !



RESULTAT FRÅ KOMMUNEVALET 2023

Parti:	Tal på representantar i kommunestyret	Endringar i høve til førre kommuneval
Høgre	7	0
Arbeidarpartiet	4	0
Senterpartiet	3	-1
Framstegspartiet	2	+1
Venstre	1	+1
Kristeleg folkeparti	(Stilte ikkje med liste i år)	-1

Kommunestyret 2023 - 2027:

Høgre

Erlend Kvamsdal
Sigrun Haugsdal Reknes
Kariann Ekren
Gunnar Andvik
Vebjørn Haugsdal
Bjarte Andvik
Veronika Hjartholm

Arbeidarpartiet

Torill Torsvik Størkersen
Marianne Fløtre Andvik
Ragnvald Tangedal
Aina Sleire

Framstegspartiet

Olav Ørjan Daae
Svein Bjarte Fredheim

Senterpartiet

Geir Egil Haugsvær
Rigmor Søvik
Stian Søvik

Venstre

Tove Kristin Sleire Tistel

Formannskapet er ikkje vald enno. Det er kommunestyret sjølv som vel formannskap på konstituerande møte.



KONTAKTINFORMASJON TIL KOMMUNEN



Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

www.masfjorden.kommune.no

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no

eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no
tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Formgjeving: Mary Hope

FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

**Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristen:
14. nov.**

Notér dato i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

KONTAKTINFORMASJON TIL KYRKJA



Tlf. 56 16 62 61
e-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjeverje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
epost kyrkjeverja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

Trusopplærar:
Tina Meland Corneliussen
Tlf.: 56 16 62 62/936 85 071
e-post:
tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no

Konfirmantarbeidar:
Ingrid Helene Raunehaug
Tlf.: 416 10 191
e-post:
ingrid.helene.raunehaug@kyrkjaimasfjorden.no

Organist:
Boris Kuprijanov
Tlf. 920 60 993
e-post: kuprbor@gmail.com

Kyrkjegardsarbeidar:
Remi Kallekleiv Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no
Vipps Masfjorden sokn: 620513